

<b>Utvalg:</b>	<b>Innovasjonsutvalget</b>	<b>Dato: 31.01.2024</b>
<b>IU-sak: 03/24</b>		<b>Arkivsaknr.:</b>

---

## Mobilisering for kompetanse- og samarbeidsprosjekt

---

### Bakgrunn

Norges Forskningsråd har utlyst 1,3 milliarder kroner til kompetanse- og samarbeidsprosjekt (KSP), fordelt på 17 ulike tematiske område (sjå liste på slutten av saka). IU ble orientert om dette i sak 28 /23. Søknadsfrist er 13. mars.

Innvilgingsprosenten for KSP ligg på 27 prosent, mens UiB har oppnådd 32 prosent. Nytt av året er òg at det er muleg å søkje om KSP same kalenderår som ein søkjer om FRIPRO, mens ein tidlegare år har måtta velje mellom dei to. For både kompetanseprosjekt og samarbeidsprosjekt er målet å utvikle ny kunnskap som samfunnet treng for å møte viktige utfordringar.

UiB har gjort det særleg bra på kompetansebyggjande prosjekt for næringslivet, men det kan vere verd å merke seg at dette er den minste delen av potten. Mens kompetansebyggjande prosjekt for næringslivet får tildelt rundt 300 millionar kroner, går det 1 milliard kroner til samarbeidsprosjekt for å møte utfordringer i samfunn og næringsliv.

### Tiltak

Forsknings- og innovasjonsavdelinga har informert breitt om utlysinga til forsknings- og innovasjonsrådgivarar med fakultet og institutt, og bidreg med malar, juridisk rådgiving og anna rettleiing i prosjekta.

Vi har inntrykk av at fakulteta har vore flinke til å ta kunnskap om utlysinga med seg vidare til fagmiljøa. Utfordringa er særleg å nå ut til fagmiljø som ikkje har tradisjon for å søkje om denne typen løyvingar.

Det blir fortløpande vurdert kva tiltak som kan setjast inn for å hjelpe flest muleg søknadar fram inn mot fristen 13. mars. Det vil òg vere til hjelp dersom medlemmene i innovasjonsutvalet tek bodskapen om KSP med seg tilbake til sine miljø.

FIA følgjer opp fakulteta, og prøver å skaffe oversikt over søknadane. Det er ønskjeleg at alle fakultet deltek i søknader.

### Oversikt over utlysingane:

#### Samarbeidsprosjekt

Mat, miljø, klima og folkehelse – sammenhenger <b>(112 millioner)</b>
Arealer under press <b>(183 millioner)</b>
Samfunnssikkerhet, demokrati, styring og forvaltning <b>(43 millioner)</b>
Maritim forskning <b>(80 millioner)</b>
Transport og mobilitetsforskning <b>(40 millioner)</b>

Energiomstilling for samfunn, klima og natur **(60 millioner)**  
Karbonomsetning og –lagring i jordbruksjord og skogsjord **(30 millioner)**  
Bedre fiskevelferd **(12 millioner)**  
Jordbruk og matindustri **(180 millioner)**  
Berekraftig fôr til husdyr i systemperspektiv **(35 millioner)**  
Industriell bioteknologi **(60 millioner)**  
Teknologikonvergens **(115 millioner)**  
Nanoteknologi, mikroteknologi og avanserte materialer **(65 millioner)**  
Effekter av tiltak for økt kvalitet i barnehage, skole og videregående opplæring **(80 millioner)**

### Kompetanseprosjekt

CO2-håndtering **(15 millioner)**  
Miljøvennlig energi **(180 millioner)**  
Petroleumsforskning **(90 millioner)**

### Oppsummering

Saken leges fram til orientering for Innovasjonsutvalget.